



Innkalling
av
Eldrerådet

Møtedato: 11.10.2022
Møtestad: Kantinen på rådhuset
Møtetid: kl.10:00 - 11:00

Eventuelle forfall må meldast til Runar Ludvigsen per tlf. 56192100, sms til eller per epost til runar.ludvigsen@osteroy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
023/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
024/22	Godkjenning av møtebok
025/22	Frivillig- og utstyrssentral
026/22	Andre saker/spørsmål

7. oktober 2022

Ove Kleiveland
Leiar for rådet

Runar Ludvigsen
Sekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
023/22	Eldrerådet	PS	11.10.2022

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/3191

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Saksopplysningar:

Innkalling med sakliste er send ut.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
024/22	Eldrerådet	PS	11.10.2022

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/3191

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Eldrerådet - 23.08.2022

Møteprotokoll frå vert godkjend.

Saksopplysningar:

Møteprotokoll er send ut til godkjenning.

Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 23.08.2022
Møtestad: Heradsstyretsalen
Møtetid: kl. 13:00 - 15:00

Fellesmøte med råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Vigdis Fossheim		Medlem
Esther Halland		Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Asbjørg Ågotnes		Utvaleiar
Jarle Hanstveit		Medlem
Ove Kleiveland		Nestleiar
Bjarte Hammer Aarland	KRF	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte: politisk-adm.sekretariat

Sakliste

Saknr	Tittel
016/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
017/22	Godkjenning av møtebok
018/22	Referatsaker og meldingar
019/22	Innspel til kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
020/22	Innspel til oppstart av reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsone, G/Bnr. 86/5, PlanID 46302022001
021/22	Høringsinnspel til planprogram for regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn
022/22	Andre saker/spørsmål

Med berre 2 frammøtte medlemmar var ikkje rådet vedtaksdyktig jf. kommunelova §11-9. Utkast til protokoll er difor sendt ut for godkjenning av dei andre representantane før vedtaka vert endeleg og rådet sine innspel vert send vidare. Protokollen vert også sendt ut for formell godkjenning i neste møte.

016/22: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

23.08.2022 ELDRERÅDET

Leiar for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meldt inn ein sak om oppdatering i saka om "pasientreiser" til slutten av møte.

ELD - 016/22 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

017/22: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 25.04.2022 vert godkjend.

23.08.2022 ELDRERÅDET

Det var ingen merknader til møtebok

ELD - 017/22 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 25.04.2022 vert godkjend.

018/22: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

23.08.2022 ELDRERÅDET

Det var ingen merknader til referatsakene

ELD - 018/22 VEDTAK:

Referatsakene vert tekne til vitande.

019/22: Innspel til kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen gir ikkje framlegg i denne saka

23.08.2022 ELDRERÅDET

Rådet gjorde slikt fellesframlegg:

"Prinsippet om universal utforming må vere tilstades ved utarbeiding av eitkvart tiltak.

Rådet vil spele inn at "gapahuk" er eit veldig populært og enkelt tiltak som gir god effekt og motivasjon til fysisk aktivitet. Rådet ønskjer at det vert sett opp gapahuker som både vert sett opp på dei mest brukte stiane både "høgt og lavt", men først og fremst på dei stiane som er lett tilgjengeleg for alle.

Rådet ønskjer også at det vert sett opp enda ein dagsturhytte, eller tilsvarande, som vert lettare tilgjengeleg for alle.

Det må vere bra med parkeringsmoglegheit på turområdene i kommunen."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

ELD - 019/22 VEDTAK:

Prinsippet om universal utforming må vere tilstades ved utarbeiding av eitkvart tiltak.

Rådet vil spele inn at "gapahuk" er eit veldig populært og enkelt tiltak som gir god effekt og motivasjon til fysisk aktivitet. Rådet ønskjer at det vert sett opp gapahuker som både vert sett opp på dei mest brukte stiane både "høgt og lavt", men først og fremst på dei stiane som er lett tilgjengeleg for alle.

Rådet ønskjer også at det vert sett opp enda ein dagsturhytte, eller tilsvarande, som vert lettare tilgjengeleg for alle.

Det må vere bra med parkeringsmoglegheit på turområdene i kommunen

020/22: Innspel til oppstart av reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsone, G/Bnr. 86/5, PlanID 46302022001

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen gir ikkje framlegg til vedtak i denne saka

23.08.2022 ELDRERÅDET

Rådet gjorde slikt fellesframlegg:

"Rådet meiner at det bør gjerast noko med vegen som pr. i dag er veldig smal. Det bør til eit minimum verte fleire møteplassar.

Det står i planen at det er tenkt å byggje ein mindre parkeringsplass. Rådet vil rå til at det vert laga ein parkeringsplass for minimum 20 bilar, eks. handikapp-parkering.

Rådet vil spille inn at det under "planområdet" andre avsnitt står: "ynskje om å leggje til rette for universell tilkomst". Det SKAL vere universell utforming iht til lov, dette skal ikke vere noko "ynskje" eller vurdering."

Framlegget vert samrøystes vedteke

ELD - 020/22 VEDTAK:

Rådet meiner at det bør noko med vegen som pr i dag er veldig smal. Det bør til eit minimum vere fleire møteplassar.

Det står at planen er å byggje ein mindre parkeringsplass. Rådet vil rå til at det vert laga ein parkeringsplass for minimum 20 bilar, eks. handikapp-parkering.

Rådet vil spille inn at det under "planområdet" andre avsnitt står: "ynskje om å leggje til rette for universell tilkomst". Det SKAL vere universell utforming iht til lov, dette skal ikke vere noko "ynskje" eller vurdering.

021/22: Høyringsinnspel til planprogram for regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Høyringsinnspelet vert vedteke slik det ligg føre.

23.08.2022 ELDRERÅDET

Rådet gjorde slikt fellesframlegg:

"Rådet vil spele inn viktigheita av å hugse på og teke omsyn til universell utforming i alle planar og alle utbyggingar"

Framlegget vert samrøystes vedteke.

ELD - 021/22 VEDTAK:

Rådet vil spele inn viktigheita av å hugse på og teke omsyn til universell utforming i alle planar og alle utbyggingar

022/22: Andre saker/spørsmål

23.08.2022 ELDRERÅDET

Leiar for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tok opp sak om pasientreiser og spurte rådet om dei ønskja å kalle Helse-Bergen inn til eit nytt møte no eller om rådet ønskja å vente.

Rådet vart einig om å avvente litt før ein ber om eit nytt møte med Helse-Bergen.

ELD - 022/22 VEDTAK:

Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka

Til å skriva under møteprotokollen vart desse valde: Vigdis Fossheim og Esther Halland

Lonevåg, 23.08.2022

Runar Ludvigsen
Sekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Ungdomsråd	PS	
025/22	Eldrerådet	PS	11.10.2022
083/22	Formannskapet	PS	12.10.2022
	Heradsstyret	PS	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Linda Judith Svidal Nordås	22/3051

Frivillig- og utstyrssentral

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune opprettar frivillig- og utstyrssentral så snart det lar seg gjere.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

I juni 2022 kom det ny forskrift om oppretting og drift av frivillighetssentraler. Det er ikkje lovpålagt å ha frivilligsentral. I prosjekt «Auka busetting av flyktningar» er det eit resultatmål å skulle opprette utstyrssentral. Dette for at barn, unge og vaksne, med og utan flyktningstatus, skal kunne delta i fritidsaktivitetar uavhengig av økonomisk status. Førebuingssarbeidet til utstyrssentral, viste oss at husleiga vil bli så høg at det ikkje er hensiktsmessig å opprette utstyrssentral utan å samtidig opprette frivilligsentral i same lokale. Skal ein opprette dei eine, bør ein òg opprette det andre for å utnytte kapasitet maksimalt. Ein frivillig- og utstyrssentral må òg sjåast i samanheng med stillingane som ungdoms- og kulturkonsulent, og ungdoms- og idrettskonsulent. Saman skal desse 2, 6 årsverka vere tilstrekkelig til å løfte samarbeidet med lag og organisasjonar.

Dersom frivillig- og utstyrssentral vert oppretta, skal denne vere ein del av Osterøy bibliotek. Delar av første etasje er reservert for formålet fram til politisk vedtak vert fatta. Saka kan ikkje utsettast til budsjettvedtak i desember, då vil vi miste lokalet.

Bakgrunn

Ein frivillig- og utstyrssentral kan vere med på å nå å følgjande overordna samfunns mål:

- (1) utjamne sosial ulikheit i alle aldersgrupper, men særleg for barn og unge
- (2) sette eldre og andre med omsorgsbehov i stand til å bu heime lengst mogeleg og vere mest mogeleg sjølvstendige lengst mogeleg.

Ein frivillig- og utstyrssentral som vert oppretta i 2023, må sjå framover i tid. Innretninga og oppgåvene som blir lagt til sentralen, må vere oppgåver som ein ventar å sjå større behov for dei neste 10 åra. Dersom Heradsstyret vedtek å opprette frivillig- og utstyrssentral, ser rådmannen for seg ein prosess der kommunale tenester, råd og utval, samt lag og organisasjonar kan vere med å påverke innhaldet.

Vurdering

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Frivilligsentral har eit øremerka tilskot på 450 000. Forskrift set krav om eit årsverk knytt til stillinga. Det kan vere fleire personar som har stillinga, men det er ikkje anbefalt. Eit tilskot på 450 000 vil ikkje vere nok til å dekke utgiftene til årsverket. Husleige, straumutgifter og andre driftsutgifter kjem i tillegg. Dette betyr at ein må vente årlege driftsutgifter på 500 000 – 700 000 2022 kroner for å drifte sentralen. I 2023 må ein vente ein del andre oppstartsutgifter i tillegg. Utgiftene for 2023 er i skrivande stund på i rundt 850 000.

For utstyrssentral kan ein søke oppstartsmidlar gjennom Bufdir ordninga «Lokale retningslinjer for tilskot til inkludering av barn og unge», og herunder deltilskotet «Utstyrssentral». I budsjettet for 2023 er det lagt inn 300 000 i tilskot.

Det er budsjettert inn kommunal eigenandel på begge tilskotsordningane; 40 % på frivilligsentral (stillinga + noko husleige) og (husleige og inventar + 20 % stilling) på utstyrssentral. Dette er krav om eigenandel til begge tilskotsordningane.

Konklusjon

Det er ikkje lovpålagt å ha utstys- og frivilligsentral. Rådmannen ser likevel at det indirekte er pålagt, då ein slik sentral kan vere med på å nå overordna lovverk som oppvekstreformen. Samtidig kan det vere eit av tiltaka kommunen set inn for å møte dei venta utfordringane som kjem grunna endra demografi i befolkninga.

Økonomien i Osterøy kommune er trong og per no litt uforutsigbar. Med tanke på driftsutgifter, er det ikkje det beste tidspunktet å starte opp på. Samtidig har ein per i dag tilgang på integreringsmidlar, som kan vere med å sørge for oppstartskapasitet. Ein må likevel regne med at avviket mellom det øremerka tilskotet og dei faktiske utgiftene må dekkast av ordinære driftsmidlar.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
026/22	Eldrerådet	PS	11.10.2022

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/3191

Andre saker/spørsmål

Saksopplysningar: